



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 37

(2002–2003)

Om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova)

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 31. januar 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i lovforslaget

I proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet fram eit forslag til lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova). Departementet foreslår å endre utgangspunktet for angrefristen ved sal av bokverk som blir levert etter kvart. Etter dagens lov begynner angrefristen å gå når «heile vara» er mottaken, det vil seie når alle binda i til dømes eit leksikon er levert. Etter forslaget skal angrefristen begynne å gå når forbrukaren har fått det første bindet, under føresetnad av at dette bindet gjer det mogleg for forbrukaren å danne seg ei oppfatning av heile bokverket, saman med informasjonen han får.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Stortingets merknader til forbrukarkjøpslova

Under stortingsbehandlinga av forbrukarkjøpslova våren 2002, uttalte Justiskomiteen seg slik i Innst. O. nr. 69 (2001–2002) side 9:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, viser til at det er en fare for at forslaget til ny forbrukerkjøpslov sammen med nåværende angrerettlov vil kunne slå uheldig ut for noen bransjer. Noen bransjer leverer varen i deler, og leveringen av hele varen kan gå over flere år. Dette gjelder blant annet forlagsbransjen, der bokverk/serier gis ut i bind som for eksempel kan komme ut en gang i året. Dagens regler innebærer at angrefristen først begynner å løpe når hele verket er levert. Flertallet mener reglene om fristberegning i slike tilfeller kan få store konsekvenser, ikke bare for forlagene, men også for forbrukerne ved at forlagene ikke lenger påtar seg den oppgaven det er å gi ut bokverk. Flertallet viser til at svært mange av de som kjøper slike verk, bor i distrikts-Norge, og at det vil være uheldig om dette tilbudet ble svekket.

Angrerettloven trådte i kraft 1. mai 2001. Flertallet ber Regjeringen utrede dette forslag til lovendring i angrerettloven om når angrefristen skal begynne å løpe ved kjøp av bokverk:

«Ved kjøp av bokverk bestående av flere bind der det er avtalt at bokverket leveres som delleveranser over tid, begynner fristen å løpe når forbrukeren har mottatt ett bind, forutsatt at bindet gjør det mulig for forbrukeren å danne seg en oppfatning av hele varen.»

Om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova)

Flertallet ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med et slikt forslag innen årsskiftet 2002–2003.

Flertallet ber Regjeringen vurdere om det er andre forbrukerkjøp som rammes på tilsvarende måte som bokverk, og i så fall om lovendringen bør gis et videre virkeområde.»

2.2 Utgreiing og høyring

Barne- og familiedepartementet sende utkast til endringer i angrerettlova på høyring 27. august 2002, med høyringsfrist 15. oktober 2002. I høyringsnotatet blei det også forslått å endre angreskjemafor skrifta (forskrift 27. februar 2001 nr. 221). Etter høyringa skal forskriftssaka behandlast separat og uavhengig av lovendringsforslaget som blir fremma her. Departementet vil vurdere å endre forskrifta etter at Stortinget har behandla lovforslaget.

Desse fekk høyringsnotatet til uttale:

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- De norske Bokklubbene AS
- Den norske Advokatforening
- Den norske Bokhandlerforening
- Den norske Forleggerforening
- Direktesalgforbundet
- Finansdepartementet
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Forbrukarombodet
- Forbrukarrådet
- Forbrukartvistutvalet
- Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
- Justisdepartementet
- Kontor- og Datateknisk Landsforening (IKT-Norge)
- Kultur- og kyrkjedepartementet
- Norges Kvinne- og Familieforbund
- Norges Markedsføringsforbund
- Norsk Direkte Markedsførings Forening
- Norsk Postordreforening
- Norske Annonserers Forbund
- Nærings- og handelsdepartementet
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Næringslivets Servicekontor for Markedsrett
- Stiftelsen eforum.no

Desse instansane har kome med merknader til lovutkastet:

- De norske Bokklubbene AS
- Den norske Advokatforening
- Den norske Bokhandlerforening
- Den norske Forleggerforening
- Forbrukarombodet
- Forbrukarrådet

- Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
- Norges Kvinne- og Familieforbund
- Norsk Postordreforening
- Nærings- og handelsdepartementet
- Stiftelsen eforum.no

Desse har svart og har ingen merknader til lovutkastet:

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Direktesalgforbundet
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Forbrukartvistutvalet
- Justisdepartementet
- Kultur- og kyrkjedepartementet
- Næringslivets Hovedorganisasjon

3 Departementets merknader til ein del hovudspørsmål

3.1 Innleiing – EF-direktiva og gjeldande rett

I medhald av EØS-avtalen er Noreg forplikta til å gjennomføre desse direktiva:

- Rådskdirektiv 85/577/EØF av 20. desember 1985 om forbrukervern ved avtaler som inngås et annet sted enn på den næringsdrivendes faste forretningssted (dørsalsdirektivet)
- Europaparlaments- og Rådskdirektiv 97/7/EF av 20. mai 1997 om vern av forbrukere med henyn til avtaler som inngås ved fjernsalg (fjernsalsdirektivet).

Bruksområdet for dørsalsdirektivet er salsutflukter, oppsøkjande dørsal og sal som skjer ved at den næringsdrivande oppsøker arbeidsstaden til forbrukaren.

Fjernsalsdirektivet gjeld sal der partane inngår avtalen utan at dei treffer kvarandre, t.d. postordresal, internettsal og telefonsal.

Begge direktiva gjeld sal frå næringsdrivande til forbrukarar. Direktiva stiller opp minstekrav til forbrukarvern ved salsformene som er nemnde over. Næringsdrivande pliktar m.a. å gi forbrukaren bestemte opplysningar om vara eller tenesta, og forbrukeren kan gå frå avtalen utan å oppgi nokon grunn (angrerett).

Noreg har gjennomført desse føresegnene i angrerettlova. Etter angrerettlova § 11 begynner den 14 dagar lange angrefristen ved kjøp av varer å gå når forbrukaren har teke imot «heile vara» og opplysningane som krevst med heimel i lova.

I forarbeida til angrerettlova, Ot.prp. nr. 36

(1999–2000) side 103, gjør departementet greie for kvifor ein har knytt angrefristen til mottakinga av «heile vara»:

«Angreretten vil ikke løpe før forbrukeren har mottatt «hele varen». Dette er særlig aktuelt for kjøp av flere produkter som skal settes sammen eller på annen måte brukes sammen. Dette vil for eksempel være tilfelle ved kjøp av en pc, der avtalen omfatter selve maskinen, skjerm og tastatur. Angreretten løper ikke før forbrukeren har mottatt alle elementene, og således har mulighet til å undersøke varen.»

3.2 Spørsmålet om når angrefristen skal begynne å gå for bokverk

3.2.1 Forslaget i høringsnotatet og synet til høringsinstansane

I høringsnotatet tok departementet utgangspunkt i lovføresegna som Stortinget foreslo, jf. over punkt 2.1. Dørsalsdirektivet blei ikkje rekna for å vere til hinder for forslaget. Stortingets forslag kan likevel reise spørsmål om fjernsalsdirektivet. Etter ei nærmare drøfting konkluderte departementet førebels med at forslaget heller ikkje er i strid med fjernsalsdirektivet.

På grunn av skyldnadene etter dørsals- og fjernsalsdirektivet og sammenhengen med dei andre føresegnene om berekning av angrefrist i angrerettlova, peikte departementet på at det er nødvendig å tilføye at forbrukaren også skal ha dei lovbestemte opplysningane som følgjer av dagens angrerettlov.

Dersom seljaren eller tenesteytaren misheld opplysningsplikta si etter angrerettlova, blir angrefristen utvida til opptil tre månader eller eitt år etter at vara er motteken. For å redusere faren for at forbrukaren mister angreretten i tilfella der seljaren har mishalde opplysningsplikta si, foreslo departementet at det i så fall begynner å gå ein ny tre månaders/eitt års frist når kvart bind er motteke.

Departementet meinte at det er vanskeleg å innarbeide den nye regelen om angrefrist ved sal av bokverk i angrerettlova § 11. Det blei derfor foreslått ei særskild føresegn (§ 11–1) om angrefrist ved sal av bokverk.

Eit fleirtal av høringsinstansane som kjem med merknader gir si generelle støtte til forslag frå departementet. Det gjeld *De norske Bokklubbene*, *Den norske Bokhandlerforening*, *Den norske Forleggerforening*, *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* (som sluttar seg til fråsegna frå Norsk Postordreforening), *Norges Kvinne- og Familieforbund*, *Norsk Postordreforening*, *Nærings- og handelsdepartementet* og *Stiftelsen eforum.no*.

Den norske Advokatforening har desse generelle kommentarane til lovutkastet:

«Lovutvalget har gjennomgått forslaget som synes balansert og velbegrunnet. Selv om forslaget teknisk sett innebærer en viss reduksjon i forbrukernes rettigheter etter angrerettloven, er de reelle hensyn så tungtveiende at de bør tillegges vekt. Etter lovutvalgets mening vil den rettsbeskyttelse som forbrukeren får etter det nye forslaget allikevel være tilfredsstillende. Aksepterer man argumentet om at en fortsatt praktisering av dagens regler vil kunne resultere i at forlagene ikke lengere vil gi ut bokverk som leveres over tid, er denne ulempen etter lovutvalgets mening større enn den foreslåtte innskrenkningen i angreadgangen.»

Advokatforeningen uttaler seg slik om informasjonskrava i lovutkastet:

«En forsvarlig praktisering av de foreslåtte regler forutsetter ikke bare en skjeppelse av informasjonskravene til forlagene ved utelatt eller mangelfull informasjon. Innføring av disse reglene er en forutsetning for lovutvalgets aksept av innskrenkningen i angrefristen. Dette standpunktet er begrunnet nærmere nedenfor.

Departementet har bedt om høringsinstansenes syn på spørsmålet om det ved misligholdt opplysningsplikt skal begynne å løpe en ny 3 måneders/1 års frist ved mottakelsen av hver enkelt leveranse.

Lovutvalget støtter dette forslaget og viser til at selgerens behov for forutberegnelighet ved utarbeidelsen av langsiktige bokverktutgivelser ikke kan tillegges vekt der selgeren selv har forhindret forbrukeren i å fragå kjøpet ved manglende informasjon. Vi slutter oss videre til konklusjonen i den nordiske utredningen om implementeringen av fjernsalgsdirektivet, og viser til det som ovenfor er anført om streng praktisering av opplysningsplikten.»

Advokatforeningen fremmer samtidig forslag om redaksjonelle endringar i lovteksta. Forslaget blir drøfta under departementet sine vurderingar i punkt 3.2.2.2 nedanfor.

Den norske Forleggerforening uttaler seg slik:

«Norske forlag har siden forslaget til ny angrerettlov og dens § 11 ble kjent og fram til i dag, hvor angrerettloven har virket i nærmere 1 1/2 år, arbeidet for en endring i § 11. Forlagene har gitt uttrykk for at gjeldende lovbestemmelse i stor grad umuliggjør verksatsinger pga den mangel på forutberegnelighet som ligger i at forbruker helt fram til «hele varen» er mottatt kan angre sitt varekjøp. Forlagene kan også bekrefte at nye verksatsinger ikke har blitt igangsatt siden gjeldende § 11 trådte i kraft. Ved flere

Om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova)

anledninger er forholdet tatt opp med departementet, sist i møte 6. februar d.å., og med andre relevante myndighetsorganer.

I Innst. O. nr. 69 (2001–2002) ber Justiskomiteens flertall Regjeringen fremme forslag til ny § 11 for å bøte på de uheldige virkningene av dagens bestemmelse. Det er gledelig at departementet nå fremmer forslag i tråd med Justiskomiteens vedtak. En samlet forlagsbransje stiller seg ubetinget bak forslaget til ny § 11–1.»

Forbrukarombudet er imot forslaget, og har disse kommentarane:

«Generelt

Forbrukerombudet har ingen innvendinger mot departementets forslag om at det bør gjøres unntak fra hovedregelen i angrerettloven § 11 ved kjøp av hele bokverk. Ved salg av bokverk kan det ta svært lang tid fra avtaleinngåelsen til hele varen er mottatt, og vi ser at dette kan få uheldige konsekvenser for selger.

Selgers opplysningsplikt – konsekvenser for angreretten

Jeg støtter departementets forslag om å ta inn et tillegg om selgers opplysningsplikt i den foreslåtte § 11–1.

Angrerett kun ved første dellevering

Jeg støtter imidlertid ikke forslaget om at forbrukeren kun skal ha mulighet til å angre etter første dellevering.

Etter Forbrukerombudets vurdering bør forbrukerne ha mulighet til å angre på hver enkelt leveranse. Ved denne løsningen blir de urimelige konsekvensene av dagens bestemmelse eliminert, samtidig som forbrukernes rettigheter ikke blir innskrenket mer enn nødvendig.

Forbrukerne bør ikke stilles dårligere ved levering av suksessive leveranser sammenlignet med inngåelse av separate avtaler for hver vareleveranse. Jeg ser det også som naturlig at de samme regler skal gjelde for kjøp av bokverk som ved kjøp av bøker via en bokklubb, hvor forbrukerne har angrerett på hver enkeltleveranse.

Angrerett på hver delleveranse er særlig viktig i de tilfeller selger ikke oppfyller sin opplysningsplikt. Dersom angrefristen starter å løpe fra mottakelse av det første varepartiet, og forbrukeren ikke vet om angreretten, kan man selv med utvidet angrefrist (3 måneder eller 1 år) risikere at fristen har gått ut før de andre delene er levert. For å unngå at forbrukeren mister angreretten der selgeren har misligholdt sin opplysningsplikt, er det derfor nødvendig at det

begynner å løpe en ny frist ved mottakelse av hver enkelt delleveranse.»

Forbrukerrådet er òg imot forslaget og uttaler:

«Forbrukerrådet er skeptiske til det endringsforslag som fremmes. Etter vårt syn innebærer forslaget en svekkelse av det forbrukevern som i dag ligger i angrerettloven. Bakgrunnen for dagens regulering er at kunden bør kunne se hele leveransen som en helhet før angrefristen begynner å løpe. Vi har vanskelig for å se at dette behov har endret seg, eller bør tillegges mindre betydning.

Når en næringsdrivende velger salgskanaler som innebærer at forbrukeren har en angre rett innebærer dette en viss økonomisk usikkerhet. Denne usikkerheten bør veies i forhold til valg av salgskanal, samt innkalkuleres i prisfastsettelsen på de varene som tilbys. I den grad delleveransene skjer over lang tid, ser Forbrukerrådet at spørsmålet knyttet til angreretten kan representere en ekstra usikkerhet for selger. Forbrukerrådet vil presisere at den næringsdrivende selv står fritt til avtale hvordan og på hvilke vilkår leveransen skal skje. Et bokbind kan leveres som en enhet eller man kan foreta færre delleveranser. Når betaling skal skje er det også som utgangspunkt full frihet til å avtale. Den usikkerhet selgeren kan ha vil således kunne reduseres gjennom avtaleregulering.

Det er et underliggende poeng at totalkostnaden for hele leveransen regelmessig er relativt stor. Ved å dele opp leveransen og betalingsforpliktelsen virker dette salgsfremmende. Etter vårt syn bør det også være et poeng at kunden kan ha begrenset utbytte av salgsgjenstanden ved en delvis angrerett. Et medisinsk leksikon fra A – D vil nødvendigvis ha begrenset bruksnytte den dagen barnet får vannkopper. Et bokbind vil regelmessig ha nettopp en slik indre sammenheng, som innebærer at en delvis fravikelse vil gi kunden redusert/lav bruksnytte av delleveransen. Forbrukers mulighet til å videreselge delproduktet vil av samme årsak være vesentlig begrenset. Etter vårt syn bør disse hensyn innbære at kjøper fortsatt har behov for angrerett for hele leveransen.»

3.2.2 Departementets vurderingar

3.2.2.1 Stortingsforslaget i forhold til EF-direktiva

Det første spørsmålet er om EF-direktiva opnar for regelen Stortinget har foreslått.

Etter dørsalsdirektivet artikkel 5 nr. 1 begynner angrefristen å gå når forbrukeren har fått nærmere bestemt informasjon, m.a. om angreretten. Det er ikkje eit vilkår at forbrukeren skal ha motteke vara

eller delar av vara. Dørsalsdirektivet er derfor ikkje til hinder for forslaget.

Etter fjernsalsdirektivet artikkel 6 nr. 1 første strekpunkt, begynner angrefristen å gå:

«for varer, fra den dagen forbrukeren mottar dem dersom forpliktelsene i artikkel 5 er oppfylt».

Artikkel 5 som det er vist til, har reglar om opplysningsplikt og skriftleg stadfesting av opplysningane.

Det er altså tidspunktet når vara er motteken som styrer utgangspunktet for angrefristen i fjernsalstilfella, under føresetnad av at opplysningsplikta er oppfylt. Der det er avtalt at leveringa skal skje ved *eitt enkelt tilfelle*, må fjernsalsdirektivet artikkel 6 nr. 1 etter departementets syn forståast slik at angrefristen begynner å gå først når alle delane av den avtalte ytinga er mottekne.

Spørsmålet er korleis fjernsalsdirektivet skal forståast når det blir gjort ein avtale om ei vare som utgjør fleire delar, og delane skal *leverast etter kvart*.

Som departementet gjorde greie for i høyringsnotatet, kan fjernsalsdirektivet artikkel 6 tolkast på tre forskjellige måtar:

1. fristen begynner å gå når alle delane av vara er mottekne
2. fristen begynner å gå for kvart enkelt vareparti når det er motteke
3. fristen begynner å gå når det første varepartiet er motteke.

Artikkel 6 må sjåast i samanheng med fortalen til direktivet punkt 10, som lyder slik:

«Den samme transaksjonen, som omfatter flere påfølgende operasjoner eller en rekke enkeltoperasjoner over et bestemt tidsrom, kan gi opphav til forskjellige juridiske beskrivelser avhengig av lovgivningen i de enkelte medlemsstater. Bestemmelsene i dette direktiv kan ikke anvendes forskjellig avhengig av lovgivningen i de enkelte medlemsstater, med forbehold for medlemsstatenes anvendelse av artikkel 14. Det er derfor grunn til å anse at bestemmelsene i dette direktiv minst må være oppfylt ved den første av flere påfølgende operasjoner eller den første av en rekke enkeltoperasjoner over et bestemt tidsrom, som kan anses for å utgjøre en helhet, enten operasjonen eller rekken av operasjoner omfattes av én enkelt avtale eller flere påfølgende, særskilte avtaler.»

Det som eventuelt taler for alternativ 1 er ei streng fortolking av ordlyden i direktivet, dessutan

at forbrukaren ikkje får eit fullstendig inntrykk av vara før alle delane er mottekne.

Det som kan tale for alternativ 2 er at forbrukaren ikkje bør stillast dårlegare når det skal gjerast ein avtale om levering av suksessive leveransar enn om det er gjort separate avtalar for kvar vareleveranse.

Det som taler for alternativ 3 er at forbrukaren har hatt høve til å undersøkje eitt parti av vara, og dermed veit korleis resten av varepartia skal vere. Føresetnaden er at varepartia er i samsvar med det som er avtalt.

Problemstillinga er drøfta i den nordiske utgreiinga *TemaNord 1998:532* «Nordisk implementering av distansavtaldirektivet – særskilt ur konsumentskyddsunkt», punkt 5.5.

Utgreiinga (side 77) konkluderer med at angrefristen bør begynne å gå når det første varepartiet er levert, det vil seie alternativ 3 over. Truleg er dette i samsvar med direktivet artikkel 6 sett i samanheng med fortalen punkt 10. Dette er også løysinga ein har vald i dansk rett, jf. den danske loven om visse forbrugeravtaler § 12 a.

Ingen høyringsinstansar har hatt innvendingar til at EF-direktiva opnar for å innføre ein regel i tråd med forslaget frå Stortinget, jf. punkt 2.1 over. Departementet opprettheld derfor den førebelse konklusjonen i høyringsnotatet om at verken dørsals- eller fjernsalsdirektivet er til hinder for forslaget.

3.2.2.2 Krav til informasjon om vara og konsekvensar av ikkje å gi informasjon

Både etter dørsals- og fjernsalsdirektivet er det krav om at forbrukaren skal få nærmare bestemt informasjon og at angrefristen ikkje begynner å gå før forbrukaren har fått denne informasjonen. Informasjonskrava i fjernsalsdirektivet er meir omfattande enn det som følgjer av dørsalsdirektivet. Forbrukaren vil truleg ha like stor interesse av å få informasjon m.a. om angreretten i begge tilfella. I gjeldande angrerettlov er det derfor ikkje skilt mellom informasjonskrav ved fjernsal og sal utanfor fast utsalgsstad, idet dei strengare minimumskrava i fjernsalsdirektivet gjeld i begge tilfella. Dette må etter departementets syn haldast ved lag i den nye føreseigna om angrefrist for bokverk.

Føreseigna som Stortinget har foreslått må derfor få eit tillegg der det går fram at det er eit sjølvstendig vilkår for at angrefristen skal begynne å gå, at informasjonskrava er oppfylt. Ingen høyringsinstansar har kome med innvendingar til det standpunktet.

Konsekvensane av å mishalde opplysningsplikta, er at angrefristen, som i utgangspunktet er 14

dagar, blir forlengd til opptil tre månader etter at vara er motteken. Tremånadersregelen følgjer av fjernsalsdirektivet artikkel 6 nr. 1, tredje og fjerde strekpunkt. Heller ikkje her er det grunn til å skilje mellom fjernsal og sal utanfor fast utsalgsstad. Gjeldande angrefristføresegnar har også ei føresegn om å forlengje angrefristen til opptil eitt år dersom det er opplysningane om sjølve angreretten som ikkje blir gitt. Av omsynet til samanhengen i angrerettlova, er det etter departementet sitt syn nødvendig å oppretthalde også desse føresegnene i spesialregelen om angrefrist for bokverk.

Fjernsalsdirektivet artikkel 6 nr. 1, tredje og fjerde strekpunkt lyder slik:

«Dersom leverandøren ikke har oppfylt forpliktelsene i artikkel 5, skal fristen være tre måneder. Fristen løper for varer, fra den dagen forbrukeren mottar varene...»

Til liks med ovanfor, kan det spørjast om når ein skal rekne at tremånadersfristen (og eittårsfristen) skal begynne å gå ved suksessive vareleveransar.

Sidan den lovpålagde informasjonen ikkje er gitt, må ein gå ut frå at forbrukaren ikkje veit om angreretten. Det kan gå lang tid mellom enkeltleveransane. Dersom utgangspunktet for den utvida fristen skal vere allereie når forbrukaren tek imot det første varepartiet, risikerer ein at fristen går ut før dei andre delane av vara er levert. For å redusere faren for at forbrukaren mister angreretten i dei tilfella der seljaren har mishalde opplysningsplikta, er det etter departementets syn naturleg at det begynner å gå ein ny tremånadersfrist/eittårsfrist ved mottakinga av kvar enkeltleveranse. Dette er også konklusjonen i den tidlegare nemnde nordiske utgreiinga om implementeringa av fjernsalsdirektivet. Ingen høyringsinstansar har innvendingar til dette forslaget, som særskilt og uttrykkeleg blir støtta av Advokatforeningen, De norske Bokklubbene, Forbrukarombodet og Norges Kvinne- og Familieforbund.

Advokatforeningen fremmer forslag om ei redaksjonell endring av siste setninga i lovutkastet. Foreininga foreslår at siste setning i § 11–1 (no forslag til 11 tredje ledd) blir endra til «Fristen løper uansett ut senest 3 måneder etter at det siste avtalte bindet eller delen er mottatt eller 1 år etter mottakelsen dersom opplysninger om angrerett ikke er gitt».

Etter departementets syn kan den foreslåtte ordlyden lett misforståast som at den utvida angrefristen først skal begynne å gå etter at det siste bindet i bokserien er motteke. Men meininga er at det skal begynne å gå ein ny tremånadersfrist/eittårs-

frist kvar gong forbrukaren får eit nytt bind. Departementet har gjort enkelte redaksjonelle endringar i føresegna, men held ved like innhaldet i det som blei foreslått i høyringsnotatet.

3.2.2.3 *Bør det innførast ein særskild angrefrist ved sal av bokverk?*

Høyringsinstansane er ueinige om det bør innførast ein regel om at angrefristen ved sal av bokverk kan begynne å gå når det første bindet er motteke.

Departementet har forståing for motførestellingane frå Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. Likevel må det gjerast ei avveging mellom dei næringsdrivande og forbrukarane sine interesser i denne saka.

Kjernen i problemet sett frå næringssida er at det kan gå lang tid mellom avtalen blir inngått og «heile vara» blir levert, og dermed at angrefristen på 14 dagar begynner å gå. Dette betyr at dersom forbrukaren kjøper eit leksikon til dømes ved dørsal, og binda blir produsert etter kvart, vil angrefristen først begynne å gå når alle binda i serien er mottekne. Angrefristen kan i prinsippet begynne å gå fleire år etter at avtalen blei gjort, og det kan innebere ein økonomisk risiko for seljaren.

Departementet ser at særlege omsyn gjer seg gjeldande ved sal av bokverk som skal leverast etter kvart. Det kan gjere det rimeleg å gjere unntak frå noverande § 11 i angrerettlova.

Departementet legg til grunn at Stortinget har uttrykt ønske om ein unntaksregel for bokverk, og at fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg, stør forslaget.

Departementet foreslår etter dette ein regel som gjennomfører prinsippa Stortinget skisserte i Innst. O. nr. 69 (2001–2002) side 9. I høyringsnotatet foreslo departementet at føresegna skulle takast inn i ein eigen ny § 11–1. Etter det har departementet kome til at føresegna skal takast inn som ny § 11 tredje ledd. Departementet viser til dei spesielle merknadene til føresegna.

3.3 *Bør forslaget omfatte andre varer enn bokverk?*

Stortinget har bedt Regjeringa om å vurdere om det er andre forbrukarkjøp som blir råka på tilsvarande måte som bokverk, og i så fall om lovendringa bør få eit vidare verkeområde, jf. punkt 2.1 ovanfor.

3.3.1 *Forslaget i høyringsnotatet og synet til høyringsinstansane*

I høyringsnotatet drøfta departementet om det er andre varer som bør likestillast med bokverk når

det gjeld særreglar for angrefrist. Departementet fann ikkje konkrete døme på det. Høyringsinstansane blei spesielt oppfordra til å uttale seg om spørsmålet.

Avtalar om løpande levering av varer reiser egne spørsmål. Til denne kategorien høyrer m.a. abonnementsavtarar og klubbmedlemskap. Desse spørsmåla blei grundig behandla da angrerettlova blei vedteken, jf. Ot.prp. nr. 36 (1999–2000) side 41–44 og Innst. O. nr. 18 (2000–2001) side 22. Departementet understreka derfor i høyringsnotatet at det ikkje er grunn til å ta opp spørsmål i denne høyringa om til dømes unntak for enkeltbestillingar som er ledd i klubbmedlemskap.

Den norske Advokatforening har desse kommentarane:

«Lovutvalget har ikke funnet områder som er fundamentalt forskjellige fra bokverk hvor slik beskyttelse er påkrevet. Med den utvikling som i dag foregår på mediafronten finner utvalget imidlertid grunn til å utvide regelen til også å gjelde utgivelse av «bokverk» på andre media enn den klassiske bokformen. Så raskt som utviklingen går på mediafronten ser utvalget ingen grunn til å forsøke å presisere hvilke medier som kan være aktuelle. De nødvendige redaksjonelle endringer denne utvidelsen medfører er tatt inn under forlaget til ny lovtekst nedenfor.»

Advokatforeningen foreslår at føreseigna får ei meir teknologinøytral utforming. Foreininga foreslår at det skal gå fram av lovteksten at «bokverk» skal likestillast med «tilsvarande verk på andre media», og «bind» likestillast med «del». Dermed vil særføresegna ta høgd for at innhaldet i eit bokverk er lagra på eit anna fysisk media enn bøker, t.d. på digitale lagringsmedia som CD-ROM.

De norske Bokklubbene kjem med sterke oppmødingar om å innføre unntak frå angreretten ved enkeltbestillingar som er ledd i klubbmedlemskap, og uttaler:

«Vi har notert at departementet mener at det ikke er grunn til å ta opp dette spørsmålet allereide nå, noe vi er sterkt uenige i. Det er med beklagelse vi konstaterer at våre advarsler mot ikke å utnytte Fjernsalgsdirektivets åpning for å videreføre unntaket for bokklubber, var velbegrunnede og høyst reelle.

Våre viktigste anførsler var:

Videreføre et innarbeidet unntak.

EU-direktivet om fjernsalg åpner for å videreføre unntaket for bestillinger som er ledd i bokklubber mv. De mindre «bokklubbette» EU-landene åpner for dette. I Norge er dette en inn-

arbeidet og velfungerende ordning. Det er tilstrekkelig med angrerett på selve medlemskapet (tjenesten) ved innmelding.

Langsiktig engasjement med stor utbredelse i Norge

Et bokklubbmedlemskap er et langsiktig engasjement hvor medlemmene er klar over sine forpliktelser og fordeler. Dette gjør angrerett på enkeltbøker unødvendig. Vi minner om at det fortsatt vil være angrerett på selve medlemskapet (tjenesten) ved innmelding.

Medlemskap i bokklubber er svært utbredt i Norge. Nær halvparten av alle husstander er med. Forbrukerne er vant med systemet. De norske Bokklubbene har eksistert i 41 år, og de over 700.000 medlemmene finner bokklubbssystemet attraktivt. De var fornøyd med hvordan det virket. Målinger viste høy grad av tilfredshet, til tross for at det ikke var angrerett på den enkelte bok.

Kontrakt mellom partene og svært god produktinformasjon til forbruker

Det inngås en avtale mellom det enkelte medlem og bokklubben man ønsker å melde seg inn i. Hovedinnholdet er lavere pris mot å avbestille det man ikke vil ha. Det er lettere enn noen gang å operere et medlemskap i bokklubb takket være internett og telefon! Det gis fyldig og grundig produktinformasjon gjennom medlemsbladene. Dette er unikt i forhold til den lave prisen på enkeltproduktene. Medlemmene er klar over hva de får.

Å ikke videreføre unntaket har fått store konsekvenser:

Negativt for distrikts- og kulturpolitikken, svekket totaløkonomi og økte priser

Ved at en seriøs kulturaktør som De norske Bokklubbene svekkes, kan det få utilsiktede konsekvenser på det distrikts- og kulturpolitiske området, ikke minst når det gjelder barne- og ungdomslitteratur. Totaløkonomien i norsk bokdistribusjon endres i negativ retning. Våre beregninger viser en merkostnad for bokklubb-distribusjonen i Norge på ca. 60 millioner kroner pr. år. Det er ikke rettferdig at medlemmer som ikke har problemer med å operere et bokklubbmedlemskap etter forutsetningene, skal oppleve prisøkning på grunn av dem som ikke gjør det, og som loven nå etter endring prefererer. For resultatet må bli økte priser på bøkene.

Økt retur og kostnader

Vi må sende ut (...) millioner angreskjemaer hvert år. Dette er en unødvendig dyr og komplisert prosedyre. Vi ser at returen er drastisk slik

Om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova)

vi advarte mot. (...) Vi blir påført økte kostnader ved makulatur, purring/inkasso på returporto og porto ved første gangs utsendelse.»

Den norske Forleggerforening uttaler:

«DnF vil samtidig gi uttrykk for at det også er andre sider ved angrerettloven som burde vært omfattet av den revisjonen som nå finner sted. Blant annet rammer angrerettloven i urimelig grad bokklubber, som lenge har merket de negative effektene av dagens lov i form av stigende antall returer. Forleggerforeningen har tidligere tatt dette opp med departementet, og forbeholder seg retten til å ta opp igjen dette forhold ved en senere anledning.»

Forbrukarombodet er enig med departementet i at det ikkje er andre forbrukarkjøp som bør unntakast på same måten som utgiving av bokverk, og uttaler:

«En av grunnene til at det er angrerett for enkelte salgsformer er blant annet at kjøper ikke har mulighet til å undersøke varen før denne er mottatt. Dersom varen består av flere deler vil forbrukeren i utgangspunktet ikke ha mulighet til å undersøke hele varen før siste dellevering er mottatt. Det er derfor viktig at angreretten ikke begynner å løpe før «hele varen» er levert. Etter Forbrukerombudets vurdering bør det derfor kun være i de tilfeller dette får særlig uheldige konsekvenser for den næringsdrivende, at man bør åpne for å gjøre unntak fra regelen i angrerettloven § 11 om at «hele varen» skal være mottatt. Jeg kan ikke se at det er andre eksempler enn utgivelse av bokverk som bør unntas fra angrerettloven § 11.»

Norsk Postordreforening uttaler:

«Vi er imidlertid av den oppfatning at loven ikke bør begrenses til å omfatte bare bokverk, men gis et videre virkeområde. Bl.a. bør samleobjekter som f.eks. frimerker, mynter og service/porselensprodukter som inngår i en klart avgrenset serie/samling og som leveres som delleveranser over tid omfattes av lovendringen. Et eksempel på dette kan være Samlerhusets samling av de første Euro-myntene som er utgitt. Det sendes ut ett sett for hvert av de 12 landene som er med og samlingen er først komplett når kunden har mottatt alle tolv settene. Andre eksempler er frimerkesamlingen Posten har gitt ut i forbindelse med OL på Lillehammer og VM på ski i Trondheim.»

Stiftelsen eforum.no uttaler:

«Departementet oppfordrer også til å komme med forslag til endringer som bør vurderes. I

denne sammenheng fremmer vi forslag om unntak for angreretten ved salg av undertøy, badetøy m.m. av hygieniske årsaker. Det er vanlig at det ikke er bytterett på slike varer ved kjøp i fysisk butikk. Vi mener dette taler for at det vil være riktig å lage en unntaksbestemmelse.»

Eforum mener også det er grunn til å ta bokklubbenes syn på alvor vedrørende angrerett på selve medlemskapet, og ikke på hver bok.

3.3.2 Departementets vurderingar

Utgangspunktet for departementet er at ein må vere varsam med å innskrenke gjeldande forbrukarrettar. Formålet med angreretten er at forbrukarane ved visse særskilde salsformer skal ha høve til å gå frå avtalen etter å ha motteke vara og sett seg inn i avtalevilkåra. Omsynet bak regelen i angrerettlova § 11 om at «heile vara» skal vere motteken før angrefristen begynner å gå, er at forbrukaren ikkje får eit fullstendig inntrykk av ei samansett yting før alle enkeltelementa er mottekne.

Departementet er enig med Forbrukarombodet i at det må påvisast særlege uheldige konsekvensar for den næringsdrivande før ein opnar for å gjere unntak frå § 11 om at «heile vara» skal vere motteken. Spørsmålet er om ein kan finne slike døme utover sal av bokverk som skal leverast over tid.

Normalt blir vara levert i ein omgang, slik at det ikkje oppstår problem med utgangspunktet for angrefristen. Ved suksessive vareleveransar kan den næringsdrivande innrette seg ved å inngå separate avtalar for den enkelte vareleveransen, slik at forbrukaren har 14 dagars angrerett for kvar leveranse. «Heile vara» refererer seg da til kvar enkelt avtaleinngåing. Den næringsdrivande kan også innrette seg ved å selje varene frå ein fast forretningsstad, slik at angrerettlova ikkje kjem til bruk.

Til merknadene frå Advokatforeningen vil departementet nemne at det generelt er eit mål å gjere lovverket så teknologinøytralt som mogeleg. Etter departementet si oppfatning er det i lovforslaget her ikkje grunn til å skilje mellom tradisjonelle bokverk på papir og til dømes leksikon på CD-ROM. Departementet finn det tilstrekkeleg at dette går fram av merknadene til føresegna, og går derfor ikkje inn for å endre lovteksten i tråd med forslaget frå Advokatforeningen.

De norske Bokklubbene fremmer forslag om å gjere unntak frå angreretten for enkeltbestillingar som er ledd i klubbmedlemskap. Departementet viser til at dette spørsmålet blei grundig behandla i forarbeida til angrerettlova, jf. Ot.prp. nr. 36 (1999–2000) side 41–44. Departementet viser til hovudpunkta i motargumentasjonen som kom fram i proposisjonen.

At kundane er fornøgde skulle tilseie at pårekna retur ikkje blir så stor, og dermed ikkje medfører store kostnader, sjølv med lovfest angrerett. Etter angrerettlova § 15 er det ved postordresal og liknande som hovudregel forbrukaren som skal betale returporto på varer som han sender tilbake til seljaren ved bruk av angreretten. Utgiftene til returporto vil i seg sjølv innebere ei sterk oppmoding om å førehandsavbestille bøker ein ikkje er interessert i. Bokklubbane held fram at returen av bøker har auka drastisk etter at angrerettlova tok til å gjelde. Det viser etter departementet sitt syn at forbrukarane opplever eit reelt behov for angrerett. Der- som dei ønskjer å medverke til at berre medlemmer som er reelt interesserte i månadens bok skal få henne, kan bokklubbane snu bestillingsforma, slik at medlemmene aktivt må bestille boka, i staden for ordninga med avbestilling av bøker dei ikkje vil ha.

Det kan etter departementets syn vere fare for at eventuelle særføresegner om kjøp gjennom klubbmedlemskap vil oppmuntre til å opprette ulike klubbkonstruksjonar for å unndra salet frå føresegnene om angrerett. Avtalen kan til dømes gå ut på at forbrukaren kvar månad får kunst, kosmetikk, ulike klesprodukt, dukar av forskjellig kvalitet og design, verktøy, produkt til bil eller båt o.a. Departementet meiner det ikkje er noko som tilseier at forbrukaren ikkje skulle ha angrerett på slike leveransar.

Nye salsformer som til dømes sal på Internett frå nettbokhandlar, er eit tilbod som også kan medverke til interesse for og kjennskap til litteratur, gjennom å tilby forbrukarar over heile landet eit breitt utval av bøker, og ved å konkurrere på pris. Det tilseier at det bør vere like konkurransevilkår, uavhengig av om omsetninga skjer i regi av eit klubbmedlemskap eller utanfor slike ordningar. Departementet meiner det ikkje er grunn til å favorisere ordningar som går ut på at forbrukarane må avbestille varer dei ikkje vil ha, samanlikna med ordningar der forbrukarane positivt bestiller varene dei faktisk vil ha.

Under stortingsbehandlinga av angrerettlova gjekk fleirtalet i stortingskomiteen inn for å ikkje vidareføre unntak for bestillingar som er ledd i medlemskap i klubbar, jf. Innst. O. nr. 18 (2000–2001) side 22. Komiteen seier det m.a. slik:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, støtter Regjeringen i at loven i utgangspunktet skal gjelde for enhver avtaleinngåelse, men slik at den ikke gjelder for enkeltelementer i en avtale

eller deloppfyllelser av en avtale. Flertallet deler Regjeringens oppfatning i at det ved avtale om medlemskap i en klubb, vil være naturlig å anse hver ny bestilling som en ny avtaleinngåelse, selv om bestillingen skjer «negativt» ved manglende avbestilling og i henhold til en mer generell, overordnet avtale.

Flertallet mener at angrefristlovens nåværende ordning gir en ubegrunnet forskjellsbehandling av for eksempel bokklubber, plateklubber og videoklubber på den ene siden og internetbaserte bok-, plate- og videobutikker der forbrukeren har angrerett på hver enkelt bok, CD eller video på den andre siden.

Flertallet er enig i at bokklubber som utgir medlemsblad gir god informasjon. Dette skulle tilsi at det ikke skulle være problematisk å oppfylle informasjonskravene etter loven. Dessuten kan klubbene, dersom de ønsker å bidra til at bare medlemmer som er reelt interessert i tilbudet, snu bestillingsformen, slik at medlemmene aktivt må bestille varen, i stedet for ordningen med avbestilling.»

Departementet kan ikkje sjå at det har kome fram moment som gir grunnlag for ei anna vurdering enn ved stortingsbehandlinga desember 2000. Spørsmålet om unntak frå enkeltbestillingar som er ledd i klubbmedlemskap var heller ikkje til høyring i høyringsnotatet frå departement frå 27. august 2002. På denne bakgrunnen vil departementet ikkje foreslå lovendring i tråd med forslaget frå De norske Bokklubbene.

Til forslaget frå Norsk Postordreforening vil departementet seie at samlarseriar av frimerke, myntar og liknande som hovudregel skil seg mykje frå bokverka m.a. når det gjeld verdi, økonomisk planlegging og arbeidsinnsatsen som ligg bak produktet. Det betyr at den økonomiske risikoen for seljaren normalt sett ikkje kan samanliknast med den som kan oppstå for utgivarar av store bokverk. Seljaren kan innrette seg ved å inngå separate avtalar for kvar sending, slik at forbrukaren har 14 dagars angrerett på den enkelte delen. Det er også i forbrukaren si interesse at salet blir innretta på denne måten, slik at forbrukaren heile tida kan velje om han eller ho vil kjøpe ein del til. Etter departementets vurdering er det ikkje sterke nok grunnar til å utvide den nye føresegna til også å gjelde ulike typar samleprodukt.

Når det gjeld forslaget frå Stiftelsen eforum.no om unntak for badetøy, undertøy m.m., opnar verken dørsals- eller fjernsalsdirektivet for å gjere unntak for angreretten. Det er derfor ikkje høve til å innføre unntak frå angreretten for slike varer.

4 Økonomiske og administrative konsekvenser

For utgivarar av bokverk kan forslaget innebære mindre økonomisk risiko ved utgiving av bokverk som skal leverast etter kvart. For forbrukarane betyr forslaget ei svekking av gjeldande rettar, likevel på eit avgrensa område. Forslaget får truleg ikkje konsekvensar for det offentlege.

5 Merknader til føreseгна

Til ny § 11 tredje ledd

Bokverk vil seie ein serie av bøker som til saman utgjer ein heilskap. Bokverk på andre media enn papir, t.d. CD-ROM, er også meint å vere omfatta av føreseгна her. Føreseгна gjer unntak frå det som elles gjeld for varekjøp etter angrerettlova § 11, der det er eit vilkår at forbrukaren skal ha motteke «heile vara» før angrefristen begynner å gå. Ved kjøp av bokverk som skal leverast etter kvart, er det tilstrekkeleg at forbrukaren har motteke det første bindet i bokserien.

Eit sjølvstendig vilkår for at angrefristen skal begynne å gå er at forbrukaren har fått dei lovpålagde opplysningane som følgjer av angrerettlova kapittel 3, medrekna angreskjema etter forskriftene.

Ein føresetnad for unntaket er vidare at det første bindet sett i samanheng med opplysningane som blir gitt, gjer forbrukaren i stand til å danne seg ei oppfatning av heile bokverket.

Det går ei grense mellom tilfelle som er omfatta av § 11 tredje ledd og abonnementsavtalar, klubb-

konstruksjonar og liknande som ikkje er omfatta av føreseгна. Det siste er kjenneteikna m.a. ved at det forbrukaren skal ta imot ikkje er konkret spesifisert på førehand.

For at unntaket i § 11 tredje ledd skal kome til bruk, må forbrukaren på førehand opplysast om kva avtalen omfatar, også den samla prisen. Det må spesifiserast kor mange bind som skal leverast. Opplysningane når avtalen blir gjort, og dessutan det første bindet, må gi eit riktig inntrykk av innhald og kvalitet i bokverket. Det kan til dømes ikkje godtakast å villeie forbrukaren ved at det første bindet er rikt illustrert, mens dei andre binda ikkje har bilete i det heile.

Når opplysningsplikta er oppfylt og eitt bind er motteke, er angrefristen 14 dagar. Dersom seljaren misheld opplysningsplikta etter angrerettlova kapittel 3, begynner det å gå ein ny tremånadersfrist/eitårsfrist kvar gong forbrukaren får eit nytt bind, heilt til opplysningsplikta er oppfylt. Angrefristen på kvart enkelt bind er likevel maksimalt eitt år.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettloven)

I

I lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted gjøres følgende endring:

§ 11 nytt tredje ledd skal lyde:

Ved kjøp av bokverk der det er avtalt at bokverket leveres som delleveranser over tid, begynner fristen å løpe når forbrukeren har mottatt det første bindet og de opplysninger som kreves med hjemmel i kapittel 3 på foreskreven måte, forutsatt at dette gjør det mulig for forbrukeren å danne seg en oppfatning av hele bo-

kverket. Fristen løper uansett ut senest 3 måneder etter at det første bindet er mottatt eller etter 1 år dersom opplysninger om angrerett ikke er gitt. I tilfeller der forbrukeren ikke har mottatt opplysningene som kreves med hjemmel i kapittel 3 på foreskreven måte, reknes tilsvarende frist som nevnt i annet punktum fra mottakelsen av hvert enkelt bind.

II

Loven trer i kraft fra det tidspunkt Kongen fastsetter.

Om lov om endring i lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettlova)